

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen

**Møtested:** Vågå Hotel

**Dato:** 03.12.2018

**Tidspunkt:** 11:00 – 16:00

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Magnus Berdal	LEDER	
Marit Nauste	MEDL	
Elias Sperstad	MEDL	
Kari Ramen	MEDL	
Mariann Skotte	MEDL	
Kjersti Bjørnstad	MEDL	

## Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Bjarne Eiolf Holø	NESTL	
Svein Blankenborg	MEDL	
Magnhild Vik	MEDL	

## Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Marstein	Bjarne Eiolf Holø	

## Merknader

Det vart ikkje kalla inn vara for Magnhild Vik og Svein Blankenborg da det vart varsla forfall rett før møtestart.

Kjersti Bjørnstad måtte reise før møtet var avslutta, og var ikkje med å behandle sak 56, 58 og 59.

## Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kristine Sørлие	Nasjonalparkforvaltar
Ingvild Øyjordet	Nasjonalparkforvaltar
Per Olav Haugen	SNO
Thomas Rødstøl	SNO

## Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

\_\_\_\_\_  
Per Magnus Berdal  
Sign.

\_\_\_\_\_  
Kari Ramen  
Sign.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 49/18	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 50/18	Referatsaker Referatsak Vedtak - Klage - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Ombygging / tilbygg til utedo / garnbu ved hytte på Liafjellet - Oddbjørg og Arve Marstein		2017/6512
ST 51/18	Delegerte saker		
DS 43/18	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - bruk av helikopter til Torsbu og Tverrådalen for stenge hytta og sikre bruer før vinteren - DNO Oslo og Omegn		2018/8176
DS 44/18	Tafjorden-Reindalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Helikoptertransport til Reindalsseter - DNT-ÅST		2016/2817
DS 45/18	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - 2022 - Bruk av snøskuter og helikopter - Transport og drift - Tafjord Kraftproduksjon AS		2018/4665
ST 52/18	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Plassering av garnkasse for lagring av garn og fiskeutstyr ved Leirungsvatnet - Tor-Arne Bakken		2018/6286
ST 53/18	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Plassering av kasse for oppbevaring av garn- og fiskeutstyr ved Leirungsvatnet - Roger Haugen		2018/5151
ST 54/18	Finndalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Tilbygg, bruksendring og uteplass - Sæter på Vangen gnr. 159/1/77 - Olav Maurstad		2016/8411
ST 55/18	Finndalen lvo - Dispensasjon - flytting og restaurering av låve - Meramstadsetra gnr.159/1/77 - Olav Maurstad		2018/7086
ST 56/18	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - tiltaksmidler post 31 og driftsmidler post 21 - 2019		2018/8499
ST 57/18	Besøksstrategi Reinheimen - Vedtak før fagleg godkjenning - 03.12.2018		2017/2347
ST 58/18	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Møter 1.halvår 2019		2018/1544
ST 59/18	Eventuelt		

**ST 49/18 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen -  
03.12.2018**

**Vedtak**

Merknad til sakliste: sak ST 57/18 (Besøksstrategi) vert behandla før sak ST 56/18 (Tiltaksmidler).

Kari Ramen vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

## **ST 50/18 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

#### **Vedtak**

Referatsak vart teke til orientering

#### **Referatsak**

**Vedtak - Klage - Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon -  
Ombygging / tilbygg til utedo / garnbu ved hytte på Liafjellet -  
Oddbjørg og Arve Marstein**

## **ST 51/18 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

#### **Vedtak**

Delegerte saker vert teke til etterretning.

**DS 43/18 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - bruk  
av helikopter til Torsbu og Tverrådalen for stenge hytta og sikre bruer  
før vinteren - DNO Oslo og Omegn 2018/8176**

**DS 44/18 Tafjorden-Reindalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel -  
2018 - Helikoptertransport til Reindalsseter - DNT-ÅST 2016/2817**

**DS 45/18 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - 2022 -  
Bruk av snøskuter og helikopter - Transport og drift - Tafjord  
Kraftproduksjon AS 2018/4665**

## **ST 52/18 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Plassering av garnkasse for lagring av garn og fiskeutstyr ved Leirungsvatnet - Tor-Arne Bakken 2018/6286**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, g) får Tor-Arne Bakken dispensasjon til å plassere ei ny garnkasse ved Leirungsvatnet.

Garnkassa skal nyttast til å lagre utstyr og fiskegarn til bruk under garnfiske på Leirungsvatnet.

Dispensasjonen til plassering av ny garnkasse er gjeve med følgjande vilkår:

1. Garnkassa skal ikkje overstige 1m<sup>3</sup>. Høgda skal vera inntil 0,8 m. Kassa skal ha ei mørk gråbrun farge.
2. Garnkassa skal plasserast inntil Skjåk Jeger og Fisk sitt naust, der den er minst mogleg eksponert / skjemma i landskapet.
3. Garnkassa skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete og GPS- koordinat til nasjonalparkforvaltninga og grunneigar Skjåk Allmenning.
4. Dersom garnkassa ikkje lenger er i bruk, skal den fjernast frå verneområdet. Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at garnkassa vert fjerna frå verneområdet.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at det må søkjast om dispensasjon til motorisert ferdsel for utkøyring av garnkassa. Søknaden skal sendast til [fmoppost@fylkesmannen.no](mailto:fmoppost@fylkesmannen.no) på følgjande skjema: [http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen\\_dok/Soknadsskjema\\_motorferdsel\\_Reinheimen.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Soknadsskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf)

## **ST 53/18 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Plassering av kasse for oppbevaring av garn- og fiskeutstyr ved Leirungsvatnet - Roger Haugen 2018/5151**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, g) får Roger Haugen dispensasjon til å plassere ei ny garnkasse ved Leirungsvatnet.

Garnkassa skal nyttast til å lagre utstyr og fiskegarn til bruk under garnfiske på Leirungsvatnet.

Dispensasjonen til plassering av ny garnkasse er gjeve med følgjande vilkår:

5. Garnkassa skal ikkje overstige 1m<sup>3</sup>. Høgda skal vera inntil 0,8 m. Kassa skal ha ei mørk gråbrun farge.
6. Garnkassa skal plasserast inntil Skjåk Jeger og Fisk sitt naust, der den er minst mogleg eksponert / skjemmaende i landskapet.
7. Garnkassa skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete og GPS- koordinat til nasjonalparkforvaltninga og grunneigar Skjåk Allmenning.
8. Dersom garnkassa ikkje lenger er i bruk, skal den fjernast frå verneområdet. Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at garnkassa vert fjerna frå verneområdet.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at det må søkjast om dispensasjon til motorisert ferdsel for utkøyring av garnkassa. Søknaden skal sendast til [fmoppost@fylkesmannen.no](mailto:fmoppost@fylkesmannen.no) på følgende skjema: [http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen\\_dok/Soknadsskjema\\_motorferdsel Reinheimen.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Soknadsskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf)

## **ST 54/18 Finndalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Tilbygg, bruksendring og uteplass - Sæter på Vangen gnr. 159/1/77 - Olav Maurstad 2016/8411**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

##### **Tilbygg på fjøs:**

Med heimel i verneforskrift for Finndalen Ivo § 3, pkt. 1.3 c) får Olav Maurstad dispensasjon til å bygge på 5 m<sup>2</sup> på seterfjøset, gnr. 159/1/77 i Finndalen Ivo. Tilbygget skal vera utedo, og fjøset skal brukast som lager og uthus.

Tiltaket er nødvendig for bruken av setra, og vil ikkje vera i strid med ved verneføremålet.

##### Dispensasjon til tilbygg er gjeve med følgjande vilkår:

1. Tilbygget skal byggjast på heile breidda på austre veggen, og ha eit utvendig areal på 5 m<sup>2</sup>.
2. Utvendig kledning skal vera ståande bord, og skal påførast same farge som eksisterande seterbygningar.
3. På veggen mot sørvest skal det vera 3 små vindaug tilpassa bygget sin storleik som opphavleg vindaugsopning. Det skal vera lik høgde på vindauga. Omramming på vindauga skal ha same farge som veggen.
4. Takmateriale skal vera torv, skifer eller tre. Vindskiene skal ha same farge som veggen.
5. Utedoen skal vera på tørr grunn, utan fare for avrenning til vassdrag.
6. Tiltaka inkludert opprydding, skal gjennomførast i løpet av 3 år, innan 01.12.2021.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

##### **Ny uteplass/platting:**

Med heimel i verneforskrift for Finndalen Ivo § 3 pkt. 1.3. b) får Olav Maurstad avslag på

søknad om frittstående uteplass/platting i setertunet. Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Finndalen landskapsvernområde.

## **ST 55/18 Finndalen Ivo - Dispensasjon - flytting og restaurering av låve - Meramstadsetra gnr.159/1/77 - Olav Maurstad 2018/7086**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, f) får Olav Maurstad dispensasjon til å flytte låven på seterkvea, for å restaurere den med ny plassering. Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Låven skal flyttast 20 meter på turrare grunn på seterkvea. Endeleg plassering skal avklarast med forvaltar i felt.
- Låven skal restaurerast etter antikvariske prinsipp, og skal ikkje endre bygge sin storleik, fasade eller karakter.
- Låven skal byggast på turrmur(ringmur)
- Mest mogleg tømmer og material skal nyttast ved restaurering.
- Tømmer og ytterkledning av vegger skal vera ubehandla for å få ei naturleg gråning.
- Låven skal ha utforming som i dag, og det skal ikkje settast inn nye vindauga.
- Taket skal vera bølgjeblekk eller tre.

Frist for gjennomføring av flytting og restaurering er 3 år, innan 01.12.2021.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vedtaket gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar og kommunen.

## **ST 56/18 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - tiltaksmidler post 31 og driftsmidler post 21 - 2019 2018/8499**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Forslag til gjennomføring i 2019 vart samrøystes vedteke.

Nasjonalparkstyret foreslo at forvalter melder inn kr. 200 000,- kvar, for gjennomføring av tiltak på Billingen, Slettvikane og Tussheim. I tillegg vart det foreslått å melde inn kr. 100 000,- til skjøtselstiltak i 2019.

## Vedtak

### Tiltaksmidler for Reinheimen 2019, Post 31:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at forvaltaren tilsett i Innlandet melder inn følgjande tiltak til budsjettposten 1420.31 (midler til tiltak) i ESS innan fristen 10.januar 2019:

<b>Tiltak</b>	<b>Merknad</b>	<b>Stipulert beløp</b>
<u>Skjøtselstiltak:</u> vidareføre skjøtselstiltak i landskapsvernområda	Skjøtselstilte skal ha forankring i skjøtselsplan	Kr. 100 000
<u>Billingen:</u> Vidareføre prioriterte tiltak i landskapsplan utarbeidd i samarbeid med lokal arbeidsgruppe.	Samarbeid med Breheimen. Lokal arbeidsgruppe.  Forankra i besøksstrategien	Kr. 200 000
<u>Slettvikane:</u> Informasjonspunkt og rasteplass skal flyttast, og det skal byggjast ny do i samarbeid med Norddal kommune, grunneigar og statsens vegvesen.	Forankra i besøksstrategien	Kr. 200 000
<u>Tussheim i Lesja kommune:</u> Det skal etablerast ein naturstig frå Lesja sentrum opp til Tussheim, byggjast utsiktspunkt på nordsida av Lesja sentrum, med utsikt til Reinheimen nasjonalpark.	Utarbeidd prosjektskisse av Streken arkitektur og planlegging. Søknad frå Lesja kommune om kr. 100 000,-	Kr. 200 000
<u>Utredning:</u> Kartlegging av samanheng beitebruk og fugl i Finndalen lvo.	Prosjektplan utarbeidd av Kistefoss Skogtenester AS.  Forankring i skjøtselsplan, sårbarheitsvurdering av fugl. Kunnskapsgrunnlag i lvo.	Kr. 32 000
<u>Tilrettelegging- og informasjonstiltak i samsvar til merkevaren Norges nasjonalparker:</u> Fellespost for å gjennomføre tiltak på prioriterte innfallsporter, eller liknande informasjonstiltak knytt til Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområder.	Forankra i besøksstrategi for Reinheimen	Kr. 200 000,-
<u>Besøksstellare:</u> bestille 2 besøksstellare i ESS.	Besøksregistrering er aktuelt på Billingen og langs Kløvstigen. SNO Reinheimen har i tillegg 3 tellere tilgjengeleg frå i fjor.	-
<u>Underskilt dronefobod</u> – bestille 10 skilt i ESS	Underskilt til verneskilt til bruk på dei mest aktuelle områda. Rammeavtale med Grafika AS	Kr. 5 000,-



Tiltaksmidlene søkes miljødirektoratet, innan 10.januar. Etter tildeling av budsjettmidlar til Reinheimen i 2019, skal nasjonalparkstyret for Reinheimen behandle ei sak for endeleg prioritering av tiltak for gjennomføring i 2019.

#### Drift nasjonalparkstyret 2019, Post 21:

Nasjonalparkstyret ber om at budsjettet for nasjonalparkstyret som tidlegare skal dekke minimum 4 fysiske styremøte, evt. synfaringar og telefonmøte / møte i AU-Reinheimen. Driftsbudsjettet til styret skal og dekke minimum 1 møte med rådgjevande utval og administrativt fagutval i 2019.

Det skal og meldast inn driftsmidlar til å dekke lokale møter i kommunane i verneområdet, i samband med høyring av besøksstrategi. I tillegg skal det meldast inn driftsmidlar for kartlegging og verdivurdering av bygningar i seterområda og fiskebuer, hytter ved utvalde områder i verneområdet.

Forvaltaren tilsett i Innlandet skal sende søknad om midler for drift til fylkesmannen på fastsette skjema innan 15.desember 2018.

## **ST 57/18 Besøksstrategi Reinheimen - Vedtak før fagleg godkjenning - 03.12.2018 2017/2347**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Forslag til besøksstrategi vart presentert for styret, for å opne opp for evt. kommentarar og innspel.

Innspel i møtet:

Elias stilte spørsmål om hovudmåla kan verke motstridande, og at nasjonalparkstyret signaliserer «ja takk begge delar»?

Til soneinndeling vart det stilt spørsmål om forankring av grensene er godt nok diskutert?

Anne Lise støtter soneinndeling for at nasjonalparkforvaltninga kan være i forkant.

Kjersti reagerte på at brukssona, sone 3, i denne sammenheng er svært liten, og at det dermed er eit lite område å lage strategi for.

Mariann ønskjer frå Lesja kommune si side å kunne marknadsføre Reinheimen, og viser til Outtt og turar i nasjonalparken frå t.d. Asbjørnsdalen.

### **Vedtak**

*Besøksstrategi – verneområda i Reinheimen* blir med dette vedtaket godkjent av nasjonalparkstyret for Reinheimen. Besøksstrategien sendast Miljødirektoratet for fagleg godkjenning og deretter på lokal høyring om Miljødirektoratet ikkje har for store krav til endringar i føreliggande dokument.

Innspel som kjem fram i styremøtet summerast opp og blir teke med som endringar i besøksstrategien før overlevering til miljødirektoratet.

## **ST 58/18 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Møter 1.halvår 2019 2018/1544**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Samrøystes.

#### **Vedtak**

Møteplan 1. halvår 2019:

1/19 – 18.mars, Rauma

2/19 – 24.juni, Lom

I tillegg vert det møte i Arbeidsutvalet etter behov.  
Møteplan for 2. halvår vert lagt fram på neste møte.

## **ST 59/18 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 03.12.2018**

Følgjande vart lagt fram til orientering i møtet:

Orientering frå seminar i Nordland (20.-22.nov) v/Ingvild

- Bjarne E. Holø og Ingvild deltok

Skjøtselsplan – status for arbeidet, v/Kristine

- Møte med Miljøfagleg utredning 30.11.18. Det vart semje om å utvide oppdraget til Vermedalen og Reindalsseter i 2019. MU vil gje tilbod innan 15.desember for innmelding til drift/kartlegging 2019.

Nasjonalparkkommune Lesja v/Mariann

- Orienterte om status i Lesja og nye kriterier som nasjonalparkskommune

Orientering frå SNO 20018, v/ Per Olav og Thomas – presentasjon lagt ut på nettside

Besøksstrategi – gjennomgang av forslag under behandling av ST sak 57/18 v/Ingvild – presentasjon lagt ut på nettside.

#### **Vedtak**

Orienteringssaker vert teke til etterretning.